



Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Dato: 23.06.2014
Vår ref.: 2014/17184-2
Saksbehandlar: ansetr
Dykkar ref.:

Fråsegn etter synfaring – Oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering - Oppstart av reguleringsplan og planprogram for Sævarhagen, Haga, Nedre Økland, gnr/bnr 23/1 m.fl. - Stord kommune

Vi viser til dykkar brev datert 31.10.2013 og vårt fråsegn datert 4.12.2013 knytt til oppstart av områderegulering for Sævarhagen – Haga – Nedre Økland.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Føremålet med planarbeidet er å sikre viktige jordbruksareal, etablere kyststi mellom Sævarhagen og Kviteluren og vurdere mulighet for fortetting av eksisterande bustadområde.

Hordaland fylkeskommune hadde 28.05.2014 ei synfaring av området. Vi vurderer området til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Ein områderegulering utløyser krav om undersøking av alt gjeldane område etter § 9 i kulturminnelova. Ei slik registrering omfattar i utgangspunktet alle typar arealføremål, òg areal som vert regulert til landbruk. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane med ei arkeologisk undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi har ikkje heimel til å krevja registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vera ein fordel for tiltakshavar å klarlegga spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Kostnadsoverslaget for den arkeologiske registreringa er basert på kartet som er vedlagt planprogrammet, vedlegg 1. Eit meir detaljert plankart, blant anna knytt til traseen for planlagd kyststi, kan føre til endring i utarbeida kostnadsoverslag. Planen dekker eit stort område og er på om lag 1480 daa, av dette er om lag 1000 daa på land. Planområdet inneheld store område med dyrka mark, og det vil i desse områda vere behov for sjakting med gravemaskin.

Vi gjer merksam på at det berre vert fakturert for medgått tid og kostnader. Skulle det likevel under undersøkinga komme for dagen eit større tal kulturminne, som treng tid til ytterligare dokumentasjon enn først føresett, vil vi komme attende med ein revisjon av kostnadene når dei går over 10 % av godkjente totalkostnader.

Kostnadsramma for den arkeologiske registreringa er set til 604 800, - (sjå vedlegg). Vi ber om at de sender ei skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at planen, når den kjem på offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Dersom dette er tilfelle må planen justerast eller det må søkast om dispensasjon hos Riksantikvaren som rette mynde etter kulturminnelova. Det er allereie kjent fleire automatisk freda kulturminner innafor planområdet, i form av gravrøyser og gravhaugar frå bronse- og jernalder og to nausttufter frå mellomalder. Det vil være behov for ein kontrollregistrering av den geografiske plasseringa av desse kulturminna. Ut i frå beskrivinga i planprogrammet vil ikkje desse kome i direkte konflikt med planlagd regulering, men dette må avklarast i løpet av den vidare planprosessen. Dette gjeld særskilt i forhold til den planlagde kyststien.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at arkeologiske registreringar må gjerast når marka er bar og frostfri.

Vi ber Stord kommune ta kontakt dersom noko er uklart i høve til dei kulturminnefaglege innspela.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.